



FN-SAMBANDET
UNITED NATIONS ASSOCIATION OF NORWAY

Appell ved barneskular som feirar FN-dagen 2020

Gratulerer med dagen! I dag feirar vi FN-dagen og at det er 75 år sidan FN vart danna.

FN, Dei sameinte nasjonane, jobbar for å gjere verda til ein betre stad for alle menneska. FN er spesielt opptekne av at alle barn skal vere trygge, kunne få gå på skule og å få spise seg mette.

Samtidig veit vi at det ikkje er alle som har det trygt og godt. Tusenvis av barn og unge må flykte frå landa dei bur i fordi det ikkje er trygt å bu der. Andre stadar er det barn som må begynne å jobbe medan dei enda er små, fordi familien lev i fattigdom. Kanskje får dei ikkje spist seg mette kvar dag, eller kanskje får dei ikkje gå på skulen slik dei egentleg har rett til.

På nyheitene høyrer vi ofte om det som ikkje fungerer i verda, og om dei menneska som har det verst. Derfor må vi ikkje gløyme at det er mykje bra som skjer også. I løpet av dei 75 åra FN har eksistert, har organisasjonen bidratt til å beskytte flyktingar, unngå kriger, gi mat til menneske som svelt og sørgjer for at barn får naudsynte vaksiner. Faktisk er det mange fleire barn i verda som får gå på skulen i dag, enn då foreldrene dykkar var små. Det er også færre menneske i verda i dag som lev i ekstrem fattigdom.

Det viser at samarbeid nyttar, og at alle landa må fortsette å jobbe saman for at verda skal bli ein betre stad.

Barn og unge i dag gir også ei stor tru på framtida. De står opp for rettferd og fred. Det siste året har vi sett barn og unge som seier klart ifrå når urett skjer. Vi har sett barn og unge som streikar fordi voksne ikkje gjer nok for klima, og som protesterar i gatene når andre opplev rasisme.

Fortsett denne kampen! Verda treng dykk og dykkar mot!

Gratulerer med FN-dagen!